



# NOREGS HØGSTERETT

Den 15. februar 2011 sa Høgsterett dom i

**HR-2011-00356-A, (sak nr. 2010/1746), straffesak, anke over dom,**

A (advokat Gunnar K. Hagen)

mot

Den offentlege påtalemakta (statsadvokat Ingrid Johansen)

## R Ø Y S T I N G :

- (1) Dommar **Utgård**: Saka gjeld straffutmåling ved grovt ran og fridomsfråtaking. Hovudspørsmålet er om det bør givast dom på samfunnsstraff for ein domfelt som var 17 år og 10 månader gammal på handlingstida.
- (2) Dalane tingrett gav 1. mars 2010 dom som hadde slik domsslutning for straffespørsmålet:
  - ”1. B, født 31.01.1990, dømmes for
    - en overtredelse av straffeloven § 268 annet ledd, jf. § 267 første ledd, jf. § 49
    - en overtredelse av straffeloven § 223 første ledd
    - en overtredelse av vegtrafikkloven § 31 første ledd, jf. § 3alt sammenholdt med straffeloven § 62 første ledd og § 63 annet ledd, til fengsel i 1 – ett – år og 2 – to – måneder.
  2. A, født 23.06.1991, dømmes for
    - en overtredelse av straffeloven § 268 annet ledd, jf. § 267 første ledd, jf. § 49
    - en overtredelse av straffeloven § 223 første leddalt sammenholdt med straffeloven § 62 første ledd, til fengsel i 1 – ett – år.”

- (3) A og B vart dømde til i fellesskap å betale 50 000 kroner i oppreising til den krenkte, C.
- (4) Begge dei domfelte anka til Gulating lagmannsrett. Anken gjaldt domfellinga for forsøk på grovt ran. Skuldspørsmålet for fridomsfråtaking var såleis endeleg avgjort ved tingrettsdommen.
- (5) Gulating lagmannsrett, som var sett med lagrette, gav 23. september 2010 dom med slik domsslutning i straffespørsmålet:
- ”1. B, født 31.1.1990 dømmes for overtredelse av straffeloven § 268 annet ledd, jf § 267 første ledd jf § 49, sammen med de forhold som er rettskraftig avgjort ved Dalane tingretts dom av 1. mars 2010, alt sammenholdt med straffeloven § 62 første ledd og § 63 annet ledd til fengsel i 1 – ett – år og 8 – åtte – måneder. Til fradrag i straffen kommer 3 – tre – dager for utholdt varetekt.
2. A, født 23.6.1991 dømmes for overtredelse av straffeloven § 268 annet ledd, jf § 267 første ledd jf § 49, sammen med det forhold som er rettskraftig avgjort ved Dalane tingretts dom av 1. mars 2010, alt sammenholdt med straffeloven § 62 første ledd til en straff av fengsel i 1 – ett – år og 4 – fire – måneder, hvorav fullbyrdselsen av 4 – fire – måneder utsettes med en prøvetid på 2 – to – år, jf straffeloven §§ 52-54. Til fradrag i straffen kommer 1 – en – dag for utholdt varetekt.”
- (6) Også lagmannsretten tilkjende oppreising med 50 000 kroner.
- (7) Begge dei to domfelte anka til Høgsterett. I vedtak 17. desember 2010 tillet ankeutvalet anken frå A fremja med omsyn til straffutmålinga. Elles vart ankane nekta fremja.
- (8) *Eg er komen til at anken bør takast til følgje, og at det bør givast dom for samfunnsstraff.*
- (9) Som det har gått fram av domsslutningane, er A og B begge domfelte for forsøk på grovt ran og fridomsfråtaking. På handlingstidspunktet, natt til 22. april 2009, var A – som før nemnt – 17 år og 10 månader gammal, medan B var 19 år og 3 månader gammal. Eg skal innleiingsvis seie litt om dei faktiske omstenda i saka.
- (10) B hadde økonomiske problem. Han bad C – som han ikkje kjende frå før – om eit privat lån på 180 000 kroner. C valde etter nokre dagar å seie nei til å gi lån, og sa frå om dette til B per telefon.
- (11) Same kvelden bad B kameraten, A, på besøk. Dei bestemte seg for å oppsøkje C, for å gjere eit ran eller få tak i pengar. Lagmannsretten har lagt til grunn at det ikkje kunne sjåast bort frå at ein del av motivasjonen var å hemne seg. Dei tok med seg mørke klede, tøy til maskering, balltre og peparspray, og fylte dessutan ei reservekanne med bensin for seinare å kunne brenne dette utstyret. Mobiltelefonane vart lagde igjen hos B. Dei kørde ca. 20 minutt fram til staden der C budde, parkerte ca. ein kilometer frå huset og tok seg deretter fram over eit jorde etter å ha teke på seg andre klede og maskert seg.
- (12) Om det som så hende heiter det i lagmannsrettsdommen:
- ”Da de kom frem til fornærmedes hus, tok de seg inn gjennom en ulåst altandør. Fornærmede sov i en stol i stuen, men våknet og spratt opp. A slo da med en gang med balltre mot hode/halsregionen på fornærmede flere ganger, hvoretter B kom til og**

tildelte fornærmede flere knytteneveslag slik at fornærmede falt i gulvet. De to tapet hendene til fornærmede med tekstiltape som de fant hjemme hos fornærmede. B sprayet fornærmede med pepperspray og de fikk etterhvert tapet fornærmede fast til en stol. Fornærmede forsøkte å gjøre motstand, men han ble tatt kvelertak på av B og slått gjentatte ganger mot hodet og kroppen av begge de to tiltalte. Deler av stolen knakk, men fornærmede ble på nytt tapet fast, og han ble også tapet rundt halsen og over øynene. Etter dette ble fornærmede slått flere ganger av begge de tiltalte, både med balltre mot bl a overkropp og armer og med knyttet hånd, mens begge de to tiltalte ropte ”penger” flere ganger, og slo når det ikke kom noe svar fra fornærmede. I perioder var bare A tilstede sammen med fornærmede, mens B undersøkte noen skap rundt om kring i huset. Fornærmede holdt flere ganger på å svime av og blødde fra munnen, men ble klapset med flat hånd av A for at han skulle våkne. Etter 15–20 minutter forlot de to tiltalte huset, uten å ha fått med seg penger, men tok kun med seg fornærmedes hus- og bilnøkler som de kastet. B kjørte bilen og de kjørte etter kort tid av veien. De benyttet den bensin de hadde med seg til å brenne klær og balltre m.v., og fikk deretter en bekjent til å hente seg.

Fornærmede var i en forkommen tilstand da de to tiltalte forlot huset, og satt fremdeles tapet fast til stolen. Fornærmede bodde alene og boligen ligger øde til, og det kunne ikke forventes at noen skulle oppdage C med det første. Han klarte å ’hoppe’ i fastbundet tilstand ut på kjøkkenet og fikk tak i en kniv som han brukte til å skjære seg løs. Han ringte da to ganger til politiet, som ikke tok han alvorlig og ikke ville rykke ut, og han fikk først hjelp til å komme seg til lege da han i forslått tilstand neste morgen klarte å komme seg til sin butikk og møtte vitnet D. C hadde fått ene skulderen ut av ledd og ble senere samme dag lagt i narkose og fikk skulderen satt tilbake på plass. Han bar generelt preg av å være kraftig forslått og hadde i lengre tid smerter i ribbeina. Før det ble kjent i lokalmiljøet ut på dagen den 23. april hva som hadde skjedd med C, hadde ikke noen av de tiltalte gjort noe for å forsikre seg om at C faktisk hadde kommet seg løs. Slik lagmannsretten ser det beror det mer på tilfeldigheter at overfallet og det at de to tiltalte forlot fornærmede i hjelpeløs tilstand, ikke fikk et enda mer alvorlig utfall.”

- (13) Lagmannsretten kom til at straffeutmålinga burde skje med utgangspunkt i ei straff av fengsel i to år. Straffa for B vart sett til fengsel i eitt år og åtte månader, mellom anna under tilvising til at straffa i tingretten hadde vore eitt år og to månader, og at påtalemakta verken hadde anka dommen eller sett fram høgare straffepåstand enn det. Lagmannsretten sette straffa for A lågare enn for B. Det vart særleg vist til at A var under 18 år på gjerningstidspunktet, men også til at saka mot han då skulle ha vore prioritert i høgare grad. Lagmannsretten la til grunn at det ikkje var aktuelt med samfunnsstraff for nokon av dei to, i det individuelle tilhøve måtte kome i bakgrunnen ved slike alvorlege tilhøve.
- (14) I motsetning til det tingretten hadde gjort, viste lagmannsretten ikkje til dommen i Rt. 2009 side 903. Høgsterett kom der til at det ikkje var aktuelt å nytte samfunnsstraff for eit fullbyrda grovt ran, sjølv om to av dei domfelte var under atten år på gjerningstidspunktet. Omstenda i saka for desse utgjorde ikkje ”slike helt spesielle forhold at utgangspunktet om en ubetinget fengselsstraff kan fravikes”, jf. særleg avsnitta 13–15 og 18.
- (15) Etter at lagmannsretten sa dom, behandla Høgsterett spørsmålet om bruk av samfunnsstraff for personar under atten år i ei ny sak om ran, sjå Rt. 2010 side 1313. Denne nye dommen avvik i nokon grad frå 2009-dommen. Eg legg dei nye synsmåtane til grunn i det eg vidare skal seie.
- (16) I 2010-dommen går førstvoterande gjennom lovførearbeid, rettspraksis, innverknad av § 33 i den ikkje verksette straffelova av 2005, og dessutan kva FN's barnekonvensjon har å seie for avgjerda. Eg viser til det som er sagt i dommen om rettskjeldesituasjonen, og

nøyer meg med å sitere oppsummeringa i avsnitt 15. I forlenginga av drøftingane av dei nett nemnde spørsmåla heiter det der:

**”Vilkåret i straffeloven § 28 a første ledd bokstav b om at hensynet til straffens formål ikke må tale mot en reaksjon i frihet, må tolkes og anvendes mot denne bakgrunn. Der domfelte var under 18 år på gjerningstiden forskyves altså tyngdepunktet i avveiningen mellom de individualpreventive og de allmennpreventive hensyn: Det som i det lange løp alt i alt best tjener barnets interesser trer i forgrunnen, og kan bare settes til side så langt det foreligger særlig tungtveiende allmennpreventive hensyn som ikke i tilfredsstillende grad også ivaretas ved en dom på samfunnsstraff. Jo yngre barnet er, desto mer må det til.”**

- (17) Eg går så over til å sjå på reaksjonsvalet i saka no med grunnlag i 2010-dommen. Gjennom den dommen er – som det går fram av det eg nett siterte – tyngdepunktet forskyvd i avveinga samanlikna med tidlegare.
- (18) Saka no gjeld eit grovt ran, med stor alvorsgrad. Domfellinga omfattar også fridomsfråtaking, og slik at det – som det går fram av lagmannsrettsdommen – var tilfeldig at handlinga ikkje fekk eit enda meir alvorleg utfall enn det ho gjorde. Det er vanskeleg, og det er heller ikkje nødvendig, å ta stilling til om A sin handlemåte i vår sak var mindre eller meir klanderverdig enn det som var tilfelle for den domfelte som fekk prøvd anken i 2010-saka. Likskapen i alvorsgraden er under alle omstende så stor at det i begge tilfelle er tale om den same vurderinga.
- (19) A var ikkje tidlegare straffedømd. Og det har snart gått to år etter handlinga, utan at han har gjort seg skuldig i nye strafflagde handlingar. Han går på vidaregåande skule, og er i tillegg i fast deltidsarbeid. Det vil ut frå dette bli eit sterkt inngrep i den personlege livssituasjonen om han må sone fengselsstraff.
- (20) Dei individualpreventive omsyna vil såleis klart bli best varetekne ved ein dom på samfunnsstraff. Samtidig understrekar eg at også dom på samfunnsstraff vil måtte innebere ein svært følbare reaksjon, som også vil understreke alvoret i handlingane han er dømt for.
- (21) Omsynet til allmennprevensjonen må i vår sak vurderast på same måte som i 2010-dommen og tilseier ikkje ei anna løysing.
- (22) Domfelte i vår sak er nokre månader eldre enn domfelte i 2010-dommen, men ein slik mindre skilnad tilseier ikkje ei anna løysing for domfelte i vår sak, i og med at han ikkje var fylt 18 år på handlingstidspunktet. Vurderingane i 2010-dommen knyter seg i særleg grad til rettsgrunnlag som gjeld for personar under 18 år, slik at det først blir når denne grensa er passert, at det blir ein markert skilnad i val av reaksjon i saker som vår.
- (23) Etter mitt syn er det såleis grunnlag for å nytte samfunnsstraff som reaksjon i vår sak.
- (24) Straffelova § 28 a tredje ledd fastset ei øvre ramme for samfunnsstraff på 420 timar. På same måte som i 2010-dommen bør denne ramma nyttast fullt ut. A har krav på ein dag i varetektsfrådrag. Den subsidiære fengselsstraffa blir sett til eitt år og fire månader.
- (25) Eg røystar for slik

D O M :

I lagmannsrettsdommen, domsslutninga punkt 2, blir gjort den endringa at straffa for A blir sett til samfunnsstraff i 419 – firehundreogfem – timar, med ei gjennomføringstid på 1 – eitt – år og 6 – seks månader. Den subsidiære fengselsstraffa blir sett til fengsel i 1 – eitt – år og 4 – fire – månader. Til frådrag i den subsidiære fengselsstraffa går 1 – ein – dag for uthalden varetekt.

- (26) Dommer **Tønder:** Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med førstvoterende.
- (27) Kst. dommer **Sandberg:** Likeså.
- (28) Dommer **Noer:** Likeså.
- (29) Justitiarius **Schei:** Likeså.
- (30) Etter røytinga sa Høgsterett slik

#### D O M :

I lagmannsrettsdommen, domsslutninga punkt 2, blir gjort den endringa at straffa for A blir sett til samfunnsstraff i 419 – firehundreogfem – timar, med ei gjennomføringstid på 1 – eitt – år og 6 – seks månader. Den subsidiære fengselsstraffa blir sett til fengsel i 1 – eitt – år og 4 – fire – månader. Til frådrag i den subsidiære fengselsstraffa går 1 – ein – dag for uthalden varetekt.

Rett utskrift :